

Notat

Dato: 18.11.2015
Arkivsak: 2015/10280-10
Saksbehandlar: gunradd

Til: Hans-Christian Engum

Frå: Gunhild Raddum

Innspel til varsel om oppstart - FV555 Kolltveit - Austefjorden

Statens vegvesen har som tiltakshavar utarbeid kommunedelplan med konsekvensutgreiing for prosjektet Sotrasambandet, på vegne av kommunane Fjell og Sund. Prosjektet er delt i 3 deler, og strekninga Kolltveit – Austefjorden inngår i delprosjekt 2. Det er meldt varsel om oppstart av reguleringsarbeid, og i den samanheng har samferdselsavdelinga følgjande merknadar:

Karta som er lagt ved saka gir svært avgrensa informasjon om traseén og kva som er tenkt. Informasjonen finn ein i kommunedelplanen. Her er det lagt vekt på at Sotrasambandet skal vere eit moderne framtidssretta transportnett med høg standard. Det er lagt opp til ein 2 felts veg med midtdelar. I reguleringsarbeidet skal det takast omsyn til gåande og syklende langs strekninga. Vidare skal kollektivtrafikken sikrast god framkome med gode kryssløysingar. For samferdselsavdelinga er det særskilt viktig at ein vidare i reguleringsarbeidet finn gode løysingar for mjuke trafikantar og kollektivtrafikken. Dette gjelder både utforminga av busshaldeplasser samt tilkomsten til desse. Fylkeskommunen/Skyss må difor inn i den vidare prosessen så tidleg som mogleg.

I vedtekte kommunedelplan er det lagt opp til ny trasé med tunnel forbi Skogskiftet. I ettertid er det kome signaler om at Sund kommune vil gå bort frå dette alternativet (sjå referat frå planforum 17.06.2015). Årsaka er at tunnellen kan vere vanskeleg å realisera. Samferdselsavdelinga vil også rå til at tunnel-alternativet vert lagt bort av omsyn kva vi vurderer som realistisk å få finansiert over fylkesvegbudsjettet. I tråd med Statens vegvesen sine anbefalingar vert det i fyste omgang råda til å planlegge for utbetringar langs eksisterande trasé mellom Kolltveit – Austefjorden.

